



Presisering av ordensreglement - Oltedal skole

(utg.punkt i felles kommunalt ordensreglement for Gjesdalskolen)

*Skolen vår er ein arbeidsplass der alle skal ha det godt og kjenne seg trygge.
Dette vil krevje at alle på skolen viser vilje til samarbeid og har respekt for kvarandre.*

Fellesreglar:

- I skoletida skal du vere innanfor skoleområdet.
- Ta godt vare på bøker og anna skolemateriell.
 - Ting du mister eller øydelegg må du erstatte.
 - Gjer du skade på bøker eller utstyr som tilhøyrer skolen, elevar eller tilsette, har føresette erstatningsplikt.
 - Skolen er ikkje forplikta til å erstatte ting som du mister eller blir stole.
- Ingen har lov til å skade eller øydeleggje for andre. Elevane har difor ikkje lov til å ha med ting eller reiskap som kan brukast til skade for andre. Døme på aktiviteter som ikkje tillatast er:
 - snøballkasting
 - sykle eller rollerblades i skolegården i skole-og Sfo-tida
 - Elevane får ikkje ta med våpen eller våpenliknande gjenstander.
- Elevane skal ikkje ha med snop eller tyggis på skolen.

1.-7.klasse:

- Det skal ikkje brukast utesko inne på skolen. Eigne reglar for Mat&helse og K&H-avd.
- Yttertøy og hovudplagg skal hengje i garderoben.
- Personlege leiker skal ikkje tas med på skolen.

8.-10.klasse:

- Elevane på 8.-10. trinn skal setje mobilen på lydløst i låsbart mobilhotell når dei kjem inn til 1.time. Elevane får telefonen tilbake når dei går heim etter siste time. Dette gjeld frå mandag til torsdag. Lærer kan tillate den til fagleg bruk. Fredag kan elevane ha mobiltelefon i sekken og ha den framme i friminutt dersom dei ønsker det.
- Yttertøy skal som hovudregel hengje i garderoben.
- Skal ikkje bruke hovudplagg som skjuler auge og øyre (utanom religiøse plagg)